



Dei omstridte campingvognane er eit problematisk punkt for Fylkesmannen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hvis Fylkesmannen si motsegn til reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen blir ståande, blir den prosessen som no er i gang reversert og utvikling av reiseliv i området sær s vanskeleg. Det held sivilingeniør Øystein Tufteland fram på vegne av Rabben Feriesenter og Øyro Marina og Camping.

Om Rabben skriv Tufteland, som har laga reguleringsplanen, at dei har drive campingplass i dette området i mange år og etter kvart har blitt godt etablert i marknaden.

Dette er takka vera stor eigeninnsats både når det gjeld utbyggjing og drift av plassen. Utbyggjinga er i hovudsak gjennomført i samsvar med gjeldande reguleringsplan og verksemda tilsvarar i dag om lag eitt årsverk.

Hvis Fylkesmannen si motsegn om å fjerna campingvognane på felt C3 vert ståande, vil denne arbeidsplassen bli redusert til ei hobbyverksemd på deltid og vidare investeringar på eigedommen vil ikkje verta rekningssvarande. Det vil igjen ikkje vera i samsvar med kommunen sitt overordna mål om auka satsing på reiseliv, Tufteland kan heller ikkje sjå at campingvognane langs elva vil vera til hinder for ålmenta si tilkomst og bruk til friluftsområde og badeområde på neset.

For Øyro vil omregulering av F3 til frå landbruk til næringsføremål vera heilt avgjerandre for om det skal utviklast reiseliv på eigedommen. (dette er området frå brua og utover og Fylkesmannen har sterkt rådd i frå omregulering, red. anm.).

Parsellen ligg langt frå resten av bruket og er difor sær s tungvint å driva som landbruk. Satsinga på reiseliv vil styrkja drifta og busetjinga på garden.

Tufteland kan ikkje sjå at konflik mellom småbåthamn og badeplass skal vera eit problem for badeplassar og småbåthamnar ligg side om side både i Kvinnherad og ellers i landet. Derimot er det positivt at badande også kan nytta båtar (robåtar, kanoar m.v.) i samband med bading og andre friluftaktivitetar.

Fylkesmannen ynskjer også at kjørevegen langs elva skal vera gangveg. Til dette opplysar Tufteland at område F2 og F3 ikkje vil fungera utan tilkomst med bil. På den annan side vil biltrafikken vera liten og med redusert fart slik at det ikkje skapar konflikatar fpr gåande, skriv Tufteland i svaret til Fylkesmannen.

Han viser til ynskje både frå kommunen og andre interesser om å få ordna tilhøve i området både fysisk og juridisk.

Det vart torsdag etter initiativ frå kommunen halde eit møte med representantar for Rabben og Øyro om den vidare strategi. Saksbehandlar Ingo Bewer opplyser at Fylkesmannen vil bli invitert på synfaring, men først vil det bli laga ein planoversikt og gjort nokre mindre endringar med grunnlag i merknader som har kome inn.

- Men dette er eit viktig næringsområde og difor har reguleringsplanen på dette punkt full støtte frå kommunen sin administrasjon, seier Bewer til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen

